



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Den 31.8.2015

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo
nve@nve.no

Vassdragspakke i Bremanger og Eid, Sogn og Fjordane

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane rakk ikkje å kommentere denne pakken innan fristen 21.8. i år. Vi sender likevel nokre merknader til prosjekta.

Sigdestad i Ålfoten, Bremanger

Søknaden gjeld eit vassdrag med relativt stort nedslagsfelt og stor vassføring, nesten 4 m³/s. Eit verk i ei sideelv lenger vest har fått konsesjon, men vassføringa i hovuddelen er lite påverka. Elva renn i eit landskap som er hardt utnytta til kraftutbygging frå før, i Ålfoten og i Svelgen. Gjennom Myklebustdalen går fleire kraftliner. Elva fører til tider mykje vatn, med mange maksimum større en 10 gonger middelvassføringa. Dette kjem til syne på karta ved at elvelaupet har stor breidde.

Ein anadrom strekning nedanfor det planlagde kraftverket, ei artsrik slåtteeng som vert påverka av graving, to fossesprøytsoner og uvisse om kor vidt den kritisk truga ålen kan ta seg forbi hindringar like ovanfor kraftverket er verdiar som kvar for seg ikkje er store, men som til saman utgjer kvalitetar som det er all grunn til å ta omsyn til. Vi kan ikkje gå ut frå at dei som har laga miljørapporten, har fått med seg alt på den korte tida dei har vore i felt.

Av dei fire søknadene i pakken, ser vi gode grunnar til å hevde at Sigdestad er den mest kontroversielle på grunn av verknadene på landskapet og livsmiljøet. At effekten er usikker for ein kritisk truga art, ål, er det grunn til å legge stor vekt på ut frå føre var-regelen i naturmangfoldlova. Dette tilseier å avslå søknaden,

Under alle omstende meiner vi at dersom NVE skulle ende med å gje konsesjon, bør det vere til eit kraftverk som har mindre slukevne enn det er søkt om. Utbygginga er, samanlikna med dei fleste andre prosjekt vi kjenner til, låg, og med det store overskotet landet har av elektrisk kraft, er det ikkje noko tap av nytte for samfunnet at produksjonen i Sigdestad vert mindre enn planlagd. Vi går ut frå at NVE kan be søkjaren fremje ein ny søknad med maks slukevne på 5 eller 6 m³/s i staden for 7,5. Ei slik endring vil i mykje større grad verke til å halde oppe meir av den naturlege rytmen i vassdraget enn å heve minstevassføringa nokre liter.

Elde ved Rugsund, Bremanger

I dette tilfellet ser det ut til at naturkvalitetane er heller vanlege, og vi har ikkje opplysningar i tillegg til dei som kjem fram i søknaden. Vi går ut frå at myrreservata ovanfor inntaket ikkje vert påverka på nokon måte. Lia nær elva er prega av ein skogsbilveg og delvis ei kraftline. Det ser ikkje ut til å vere nemneverdig av allmenne interesser som vert påverka om planen blir til realitet.

Det er likevel eit trekk ved influensområdet at tre og steinar har eit mosedekke som tyder på at vegetasjonen er meir enn vanleg prega av stor lufråme langs elva. Vi bed NVE vurdere om det er mogeleg å dempe den uttørkande effekten ved større minstevassføring enn det søkjaren har gått inn for.

Klovelva, Eid

Planen er å utnytte den øvre delen av eit vassdrag der ei utbygging nedanfor har fått konsesjon. Ein veg går frå langs elva opp til eit vatn ovanfor inntaket. Det meste av influensområdet ser ut til å ligg over skoggrensa. Dette har frå før redusert dei naturskapte verdiane av landskapet, og det som finst av planter og dyr ser ut til å vere vanleg. Vi kjenner ikkje til i kva grad utbygginga eventuelt vil forstyrre friluftslivsinteresser.

Stårheim, Eid

Også her går det veg langs elva, ein på kvar side. Tilløpsrøyret er langt, 2,7 km, og går for det meste gjennom eit landskap prega av gardsbruk. Nedanfor ein foss der kraftstasjonen er plassert, er elva leveområde for laks og/eller sjøaure, og kanskje ovanfor. Av søknaden går det fram at vandringshinderet godt kan ligge noko høgre oppe, der det også er ein mykje brukt badekulp.

Særleg livsvilkåra for anadrom laksefisk tilseier i dette tilfellet å flytte kraftstasjonen opp om det som er framstilt som endeleg vandringshinder. Laks og sjøaure er artar under sterkt press. Ei slik flytting ser av kartet ikkje ut til å gje nemneverdig produksjonstap. Her er det snakk om ein balanse mellom nytte for kraftverkseigarane og omsyn til naturverdiar og andre brukarar som har nytte og glede av elva.

Konklusjon

Nytten av meir kraft til samfunnet er liten eller null. Omsyn til kraftforsyninga kan etter vår oppfatning ikkje vere noko argument med tyngde for fleire kraftverk. Alle søknadene gjeld elvar i eit område som frå før i stor grad er utnytta til kraftverk. Nokre vassdrag må få vere uforstyrta, sjølv om dei renn i natur som er svært vanleg.

Utgreiingane i søknadene om samla påkjenning på naturen, er enkle og lite opplysende. Når situasjonen er som han er, med omfemnande utnytting av vassfall til kraftproduksjon – og det faktum at kunnskapsgrunnlaget for å vurdere konsekvensane ofte er overflatisk – er det etter naturmangfaldlova grunn til å legge eit enkelt skjøn til grunn: Vilkåra for å få konsesjon må vere vesentleg strengare enn tidleg i småkraftbølgja.

Sigdestad kraftverk er etter vår oppfatning det mest konfliktfylte prosjekta av dei fire. Eit vilkår for eventuell konsesjon bør vere mindre slukevne enn det som er søkt om. Dei tre andre vil truleg gjere mindre skade, med nokre justeringar som går fram av teksten ovanfor.

Med vennleg helsing Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøyen Nes

- Leiar -

Sign

Erik Solheim

- Rådgjevar –

Sign

